

**ALVER KOMMUNE –TEKNISK FORVALTNING OG DRIFT.
FYLLINGSNESVEGEN – LITLEVÅGSBROTET. AVLØPSANLEGG OG
PARKERINGSPLASS. GNR. 214 BNR. 2, 114 og 118.
MERKNADER TIL NABOVARSEL.**

I alt ble 81 naboar varsla den 17. desember 2020.

Ved fristens utløp var det mottatt 6 merknader, sjå vedlegg C-4 – C-9.

Lorentz Olsen, Gnr. 214 Bnr. 37 og 233– Litlevågsbrotet 51 (vedlegg C-4):

Merknad:

1. Utslippspunkt for avlaupsleidning i Litlevågen/Osterfjorden

Vurdering:

1. Utslepp av avlaupsvatn er prosjektert på kote -25,0 moh og omtrent ved dagens utslippspunkt for privat avløpsanlegg. Tiltaket vil rette seg etter krav i utsleppsløyve. Utsleppsleidning vil bli vurdert forlenga mot søraust og med eit utslepp djupare enn kote -25,0 moh.

Birger Sandal, Gnr./Bnr. 214/173 – Fyllingsnesvegen 86 (vedlegg C-5):

Merknad:

2. Kompensasjon for sanering av eksisterande privat avløpsanlegg. Kommunale avgifter for tilkopling til nytt røyrleidningsanlegg

Vurdering:

2. Dagens private anlegg har ein status som ikkje gjer det mogleg å bli overtatt av Alver kommune. Utsleppsleidning i Litlevågen har hatt driftsproblem og utbetringar har vært forsøkt utført. Nytt kommunalt anlegg vil komplett erstatta privat røyrleidning. Private septiktankar kan bli utkopla.

Asle Holte, Gnr./Bnr. 214/48 – Litlevågsbrotet 43 (vedlegg C-6):

Merknad:

3. To merknadsfristar
4. Manglande dokumentasjon utslepp av kloakk til sjø
5. Reinseanlegg må byggjast i staden for slamavskiljar
6. Utsleppsleidning i sjø må forlengast
7. Sjøpelsystem for friluftsområdet Litlevågen må etablerast

Vurdering:

3. Lovpålagt merknadsfrist for nabovarsel er 14 dagar. Fordi varselet ble utsendt 17. desember 2020 er frist for å komme med merknad den 31. desember 2020. Grunna jul er endeleg frist satt til 4. januar 2021

4. Det søkjast om løyve til å bygge nytt avløpsanlegg (røyr og kummar) og reinseanlegg for kloakk som slamavskiljar. Slamavskiljar er dimensjonert for å handtere avlaup frå 86 bustader og ny skule, som utgjer totalt 314 personekvivalentar (pe). Eigen søknad om utsleppsløyve til sjø vil bli sendt til Alver kommune.
5. Grunna storleiken på avlaupsmengda er det ikkje krav om bygging av reinseanlegg med fleire reinsetrinn enn primærreinsing. Godkjent, prefabrikkert slamavskiljar tilfredsstillar krav til primærreinsing i Forureiningsforskrifta.
6. Sjå pkt. 1
7. Bergen og Omland Friluftsråd vil drifta tilrettelagt friluftsområde Litlevågen og vil ha ansvar for naudsynt søppelsystem. Hytterrenovasjon for Litlevågsbrotet skal ikkje nyttast av brukarar av friluftsområdet.

Steinar Olsen, Gnr. 35 Bnr. 35 og 231 – Litlevågsbrotet 47 (vedlegg C-7):

Merknad:

8. Utslepp avlaupsvatn i sjø ved friluftsområde Bønaset/Høgabråtet/Havnskjæret og Storneset/Litlevågsbrotet.
9. Reinseanlegg må byggjast i staden for slamavskiljar
10. To merknadsfristar
11. Avfallsplan for friluftsområdet Litlevågen

Vurdering:

8. Sjå pkt. 1
9. Sjå pkt. 3
10. Sjå pkt. 5
11. Sjå pkt. 7

Erik Andre Olsen, Gnr./Bnr. 214/232 – Litlevågsbrotet 49 (vedlegg C-8):

Tilsvarende som C-7.

Arve Fyllingsnes, Gnr./Bnr. 214/4 – Fyllingsnesvegen 85 (vedlegg C-9):

Merknad:

12. Ikkje mottatt nabovarsel
13. Bnr. 4 har tinglyst rett til bruk av felles grustak på arealet
14. Utslippspunkt for avlaupsleidning i Litlevågen/Osterfjorden
15. Kommunen bør byggje felles avlaupsanlegg for fleire utbyggingsområde på Fyllingsnes

Vurdering:

12. Bnr. 4 grensar ikkje til tiltaket på bnr. 2, 114 og 118 og har derfor ikkje mottatt nabovarsel. Eigedommen vil i utgangspunktet ikkje bli tilkopla nytt anlegg.
13. Rettigheiter til bruk av areal vil bli handtert i grunnavtalar
14. Sjå pkt. 1
15. Avlaupsanlegget er dimensjonert for 38 eksisterande bustader, 21 regulerte bustader i Nystøltunet /Litlevågsbrotet (P201603) og 27 framtidige bustader. I tillegg vil avlaup frå framtidig skule bli kopla til det nye anlegget. Grunna stor avstand til

planområda Stemmemyra (P17022006) og Fyllingsnes (P200807) er ikkje framtidig avlaup frå desse bustadområda inkludert i dimensjoneringa.



Thor-Henrik Fredriksen